

Representant Mona Høgli har stilt desse spørsmåla:

1. «Vil fylkesdirektøren ta initiativ overfor Statens Vegvesen for å få senka fartsgrensa på fv. 5671 ved Håland i Fjaler kommune?
2. «Vil fylket raskt utføre som punktutbetring tiltak 1 (Møteplass og omlegging av veg) i planen for Fv.393 (no Fv.5671), vedteken i 2013, som vil gjere fylkesvegen forbi Vassdalsvegen 27 og skulevegen til henteplassen tryggare?»

Svar frå fylkesdirektøren

1. Statens vegvesen gjorde ei vurdering av fartsgrensa på fv. 5671 ved Håland i Fjaler kommune i september 2019 (saksreferanse 19/230046-2). Dei kom fram til at det ikkje var grunnlag for å endre gjeldande fartsgrense, og at det ikkje ville vere i tråd med gjeldande fartsgrensekriterium å setje ned fartsgrensa.

Fylkesdirektør for infrastruktur og veg kan ikkje sjå at det har kome nye moment i saka som gjer at det er grunnlag for ei ny vurdering. Vi vil såleis ikkje fremje sak til Statens vegvesen om endra fartsgrense på fv. 5761. Det er Statens vegvesen som har mynde til å gjere vedtak om fartsgrenser etter vegtrafikklova også på fylkesveg.

Høgli viser òg til at fartsgrensekriteria opnar for å setje ned fartsgrensa gjennom næringsområde. Vidare peikar ho på at det ligg eit industriområde omlag 850 meter frå Håland, og om fartsgrensa vert sett ned der vil det vere naturleg å forlenge fartsgrensa forbi Håland.

Det er rett at kriteria opnar for å setje ned fartsgrensa på veg som går gjennom industriområde, dersom det ligg i tettbygd strøk eller i by. Det er ikkje tilfelle her.

2. Fylkesdirektør for infrastruktur og veg legg til grunn at planen det er vist til, er *Reguleringsplan for fv. 393* med planident 201301. I denne planen er fylkesvegen ved Vassdalsvegen 27 lagt om, slik at det vert ein større, jamn sving i staden for to mindre svingar. Det er ikkje sett av midlar til å gjere dette tiltaket i budsjettframlegget for 2021. Fylkesdirektøren meiner at dette er eit såpass kostbart tiltak at det eventuelt må setjast av midlar til det i komande budsjettprosessar. Tiltak på fv. 5671 vil og måtte bli vurdert opp mot andre tiltak på fylkesvegnettet.